



Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Fjellstyrekontoret, Ulvik

Dato: 24.06.19

Klokkeslett: 18.00 – 21.00

Tilstades på møtet

Medlem:

Knut Sygnestveit
Stig Yngve Røkenes
Atle Ulgenes
Ingrid Sponheim
Lars Helge Ljone

Sekretær:

Harald Normann Andersen

Sak 11/19 Referat og meldingar

Sak 12/19: Utleige av hyttene på Osafjellet under villreinjakta 2019

Sak 13/19: Hytta på Grjotrust – Status

Sak 14/19: Endring av tid for garnfiske i Ulvik Statsallmenning

Sak 15/19: Villreinjakta 2019 – samjaktavtaler, jakttid m.m.

Sak 16/19: Oppsett av lavvo

Sak 17/19: Fiskeutsetting 2019

Sak 18/19: Arbeid på Rundavassbua

Underskrifter

Me stadfester at møteboka er rett:

Knut Sygnestveit Stig Yngve Røkenes Atle Ulgenes Lars Helge Ljone Ingrid Sponheim

Kopi til

- Fjellstyremedlemmer
- Varamedlemmer
- Fjellstyra på Hardangervidda, Vinjesvingen 665, 3890 Vinje
- Fjellstyra kring Hardangervidda
- Hardangervidda Fjelloppsyn as. P.b. 2, 5731 Ulvik
- Statskog SF, Storgata 64 A, 2609 Lillehammer

Sak 01/19 Referat og meldingar

Saksdokument:

- 2019.01.21-323.0.Framlegg til planprogram for "detaljregulering med konsekvensutredning For fritidsbustader på Finse , g/bnr. 38/13 m.fl. På Finse i Ulvik herad
- 2019.02.20-323.0.Uttale frå Ulvik fjellstyre-Framlegg til planprogram for "detaljregulering med konsekvensutredning for fritidsbustader på Finse , g/bnr. 38/13 m.fl. På Finse i Ulvik herad
- 2019.02.20-434.0.Brev til Ulvik herd vedk. scooteraktiviteten på finse og området rundt Finse
- 2019.02.28-611.4.Tillatelse til merking av villrein 2019
- 2019.02.27-012.1.Møtebok Ullensvang fjellstyre
- 2019.03.06-323.0.Vedr. varsel om oppstart av detaljreguleringsplan for fritidsbustader på Finse - 62862 Fi(1) Statskog
- 2019.03.04-012.1.Møtebok Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning
- 2019.03.04.046.1.Årsmelding-Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning
- 2019.03.06-012.1.Møtebok Rauland fjellstyre
- 2019.03.04-046.1.Årsmelding Øvre Numedal fjellstyre
- 2019-04.04-433.1.Oversending av fråsegn. Søknad om disp.til å etablere informasjonstavle og sti til jomfrunut.
- 2019.04.04-433.1.Søknad om disp.til å etablere informasjonstavle og sti til jomfrunut. Kommentar frå Statskog.
- 2019.04.08-372.1.Oversending fråsegn. Søknad om overføring av Våtekleivbekkane til Lang-Sima kraftverk.
- 2019.04.08-372.1.Overføring av Våtekleivbekkane. Søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen for Ulvik herad.
- 2019.04.08.372.1.Overføring av Våtekleivbekkane til Lang-Sima kraftverk. Detaljplan Miljø og Landskap.
- 2019.04.12-434.4.Scooterløyve Christian Ringstad-Utne
- 2019.04.14-434.4.Scooterløyve Bjarne Øydvin
- 2019.04.15.434.4.Scooterløyve Knut Sygnestveit
- 2019.04.23-612.1.Melding om vedtak, godkjenning av bestandsplan og fastsetjing av jaktkvote
- 2019.04.30-612.1.Høring på endring av jakttid for villrein i Nordfjella villreinområde og Hardangervidda villreinområde i 2019 og 2020
- 2019.04.30-612.1.Høringsnotat - forslag til forskrift om endring av jakttid for villrein i Nordfjella villreinområde og Hardangervidda villreinområde i 2019 og 2020
- 2019.05.06-36 .Løyve til tilbygg hytte på Finse fnr. 63
- 2019.05.07-012.1.Møtebok Ullensvang fjellstyre
- 2019.05.10-352.2.Referat frå møte i Rallarvegrådet
- 2019.05.10-012.1.Møtebok Odda fjellstyre
- 2019.05.14-512.1.Pålegg om å teste hjortevilt for skrantesjuke ifb. jakt 2019
- 2019.06.04-433.1.Vedtaksbrev - Informasjonspunkt på Jomfrunut - Løyve til etablering av sti og oppføring av informasjonsplakat

Framlegg til vedtak:

Styret tok orienteringa til vitande

Vedtak:

Samrøystes

Sak 12/19: Utleige av hyttene på Osafjellet under villreinjakta 2019**Saksdokument:**

Ingen

Saksutgreiing:

Det vart på eit tidlegare møte bestemt at hyttene på Osafjellet skulle blokkerast for sal på Inatur på bakgrunn av at desse hyttene skulle leigast ut til innanbygds villreinjegerar. Etter trekking er det ingen innanbygdsjegerar som ynskjer å jakte på Osafjellet (1. prioritet). Eg meiner difor at grunnlaget for å stenge Søre Grøndalshytta og Dyraholahytta mellom 1. august og 30 september ikkje er til stades. Det har den siste tida kome mange telefonar frå utanbygds villreinjegerar som ynskjer å leige hytte under jakta. Fjellet er og mykje brukt av andre enn villreinjegerar i denne perioden, så utleigepotensialet er stort og gode inntekter for fjellstyre likeså.

Framlegg til vedtak:

Dagleg leiar e-post til alle innanbygdsjegerar med førespurnad om å nytte Søre Grøndalshytta og Dyraholahytta under reinsjakta fjellstyre ein sett ein frist til 8. juli om tilbakemelding. Deretter opnar fjellstyre hyttene for utleige til alle brukarar.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 13/19 Hytta på Grjotrøst – status**Saksdokument:**

Ingen

Saksutgreiing:

Stig Røkenes, Atle Ulgenes og underteikna var fredag 6. april på synfaring på Statnett si hytte på Grjotrøst i Ulvik statsallmenning. Det var teke div. bilete av driftshytta, sikringsbua og oppbevaringskontainer. Tilstanden er pr. i dag ikkje bra, d.v.s. at tilstandsrapporten som vart sendt frå Statnett beskriv tilstanden på ein god måte.

Vert det til at Ulvik fjellstyre vedtek å overdra hytta er det på bakgrunn at hytta skal leggjast ut for leige på Inatur. Før dette er aktuelt MÅ hytta oppgraderast av omsyn til m.a. branntryggleik. Da må pipa bytast. I tillegg må hytta beisast, det som er att av takrenner må

fjernast, inngangsparti må oppgraderast, samt at hytta må reingjerast/vaskast. I tillegg må det fjernast skrot og div. i og rundt hytta. Tidlegare strømannlegg for lys må erstattast med solcelleanlegg.

Dette vert ein betydeleg kostnad for fjellstyre.

Leiar og sekretær skal ha møte med Statnett torsdag 20. juni, og me håpar å koma til semje når det gjeld økonomisk kompensasjon og praktisk overtaking. Dette vert det informert om på komande møte.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyre tek til vitande avgjersla frå Statnett om å fjerne hytta i staden for å overdra den til Ulvik fjellstyre

Vedtak:

Samrøystes

Sak 14/19 Endring av tid for garnfiske i Ulvik statsallmenning

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Det har ved tidlegare høve vore oppe om tida for garnfiske i Ulvik statsallmenning burde ha vore endra. Fleire fjellstyre på Hardangervidda har same fiskeperiode for garn og stongfiske. Topografien og snøtilhøva i allmenningen regulerer når vatna er isfrie. Enkelte år går ikkje isen på enkelte vatn, medan andre år er desse og isfrie i byrjinga/midten av juli.

Utfordringa er at det generelt vert fiska for lite i alle vatn med det resultat at det vert mykje liten og småfallen fisk. Ved å opne for garnfiske f.o.m. 15 juli t.o.m. 15 september vil en kunne hindre at dette skjer i mange vatn. Det er og viktig at ressursane vert hausta når moglegheita er der.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre opnar for garnfiske i Søre Grøndalvatnet, Rundavatn, Floskefonnsvatnet og Langavatn f.o.m. 15. juli t.o.m. 15 september.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 15/19 Villreinjakta 2019 – samjaktavtaler, jakttid m.m. (infosak)

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Stig Røkenes og sakshandsamar vil informere om siste nytt i høve samjaktavtaler, jakttid m.m. i Nordfjella villreinområde og Hardangervidda villreinområde.

Referat:

Stig informerte om framlegg frå Aurland fjellstyre om samjaktavtale mellom Hol, Aurland og Ulvik med start f.o.m. 26. august og ut jakta. Det vert ingen begrensingar. Ulvik fjellstyre er interessert i samjakt med Aurland fjellstyre når det gjeld område Broksfjell. Fjellstyre venter framleis på svar frå Miljødirektoratet m.t.p. samjakt på tvers av villreinområde Hardangervidda og Nordfjella.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 16/19 Oppsett av lavvo

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing.

Ulvik fjellstyre kjøpte for to år sidan ein lavvo. Lavvoen har desse åra stått i inste enden av Langavatn. Fjellstyre må ta stilling til kor lavvoen skal plasserast i år, når den skal setjast opp og kven so skal utføre jobben.

Framlegg til vedtak:

Atle og Stig sett opp lavvoen på Nordsida av Langavatnet. Stig skaffar besøksbok og vasstett boks. Atle kjøpar bardunline. Stig tek bilete av oppsett lavvo og gps-posisjon.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 17/19 Fiskeutsetjing 2019

Saksdokument:

Fiskeutslipp i Ulvik statsallmenning 1980 – 2018

Saksutgreiing:

Ulvik fjellstyre har god statistikk for fiskeslipp i vatna i Ulvik statsallmenning tilbake til 1980. Siste slipp i allmenningen var i 2018. Førre gongen før det var i 2011. No kan tida være inne for å sette fisk i m.a. i Memorgevatna og Olbogavatnet. Siste slipp i Memorgevatna var i 2004 og i Olbogavatnet i 1987.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre ynskjer å slippe fisk i Olbogavatnet (500), Ripsetjønna aust (300), Floskefonnsvatnet (500) og Vetla Rundavatn (200). Dagleg leiar ordnar med søknad og settefisk.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 18/19 Arbeid på Rundavassbua

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Det vart på møte i februar bestemt at fjellstyre skulle prioritere å få gjort ferdig Rundavassbua. Det står att å drenere rundt hytta for å lede vekk vatn som kjem inn i hytta i bakkant. Det står og att ein del arbeid innvendig, tetting av veggjar, lage lufting, snekking m.m.

Fjellstyre må lage ein plan for gjennomføring og kven som skal utfør arbeidet saman med fjelloppsynet.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyre tek sikte på å grave av torv, støype kant og skjere spor for å drenere vekk vatn i bakkant av bua. Arbeidet vert gjort på dugnad av fjellstyre.

Vedtak:

Samrøystes

